



Sakshandsamar

Ingvild Høydal

Tlf. 57 78 20 41

NVE

Bård Andreas Selstad Ottesen

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Vår referanse

21/46 – 21/1497

Dykkar referanse

e33e8971-4c1b-4d13-90db-a0bb545b0531

Dato

15.02.2021

Svar på høyring av søknad om løyve til uttak av vatn frå Dam Skipavika i Gulen kommune i Vestland

Viser til høyring av søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av dam på Skipavika næringsområde.

NVE ber kommunen omtale tilhøve knytt til kommuneplan og andre kommunale planar. Kommunen skal vidare informere om kjente allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, vassuttak, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og eventuelle andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa.

I søknaden frå Skipavika Næringspark AS står det at planområdet i sin heilheit inngår i det regulerte området til Skipavika Næringspark. Dette kan kommunen stadfeste. Reguleringsplan 2015005 Skipavika Næringspark er gjeldande for området som søknaden viser til, og har arealføremål kombinert bygg og anleggsføremål med underføremål industri/lager. Gulen kommune vurderer det omsøkte tiltaket til å vere ein del av næringa sitt vassforsyningsanlegg og gjelde nødvendig infrastruktur for næringsdrift. Søknaden er difor vurdert til å vere i samsvar med plan.

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for området vart det utført konsekvenskartleggingar og ROS-vurderingar av planen sin påverknad på landskap, friluftsliv, m.m. Gulen kommune er ikkje kjend med at dette tiltaket skal få negative konsekvensar utover det som vart avdekka i vurderingane som vart gjort i samband med reguleringsplanen, eller dei vurderingane som er gjort av Mulitconsult i samband med denne søknaden.

Gulen kommune er heller ikkje kjend med andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa.

Med helsing

Ingvild Høydal

Einingsleiar plan, landbruk og teknisk

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Adresse

Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Telefon

57 78 20 00

Bankgiro

3817.07.01051

Org.nr.

938497524

E-post

postmottak@gulen.kommune.no

Heimeside

www.gulen.kommune.no

